

Fra: Svein Arne Trengereid (sarne-t@online.no)

Sendt: 27.11.2020 16:33:21

Til: Petter Lem Gullestad

Kopi:

Emne: SV: Vurdering av klage på vedtak - dispensasjon frå byggegrense - fv. 49 - gnr., 19 bnr. 349 - Kvam herad

Vedlegg:

Hei,

Det er viktig at medlemmene i Klagenemnda lesar mitt klageskriv dagsett 28.02.20. I INVs skriv dagsett 27.10.20, så blir det ikkje gitt ei god nok oppsummering av mine argument.

Det er også viktig at medlemmene i Klagenemnda lesar min epost med tilleggsdokumentasjon dagsett 03.06.20. I eposten så vedlegger eg bilder og situasjonskart som dokumenterer at eit nytt leiligheitsbygg er satt opp nærmare enn 50 meter frå fylkesvegen. Det er Jonshøgdi Sameige ved gbnr 21/45 som ligg like i nærleiken av min eigedom. Jonshøgdi Sameige består av 5 leiligheitsbygg som har ferdigattest dagsett 16.01.19. Avstanden frå kvit stripe på fylkesvegen til veranda på nærmaste leiligheitsbygg er 15,3 meter. Avstanden frå kvit stripe til ytterste vegg på nærmaste leiligheitsbygg er 18,2 meter. I INVs skriv dagsett 27.10.20, så nevner ein ikkje desse opplysningane.

Eg kan på kort varsel møte Klagenemnda på befarang på eigedommen.

Med vennleg helsing
Svein Arne Trengereid
Tlf 95759603

Fra: Petter Lem Gullestad <Petter.Lem.Gullestad@vlfk.no>

Sendt: onsdag 25. november 2020 22.15

Til: sarne-t@online.no

Emne: Vurdering av klage på vedtak - dispensasjon frå byggegrense - fv. 49 - gnr., 19 bnr. 349 - Kvam herad

Til Svein Arne Trengereid

Fylkesdirektør for infrastruktur og veg har vurdert din klage i sak om dispensasjon frå byggegrense. Fylkesdirektør for infrastruktur og veg har ikkje funne grunn for å endre si avgjerd, og har oversendt klagesaka med si vurdering til klagenemnda v/politisk sekretariat.

Det følger av forvaltningslova § 33 fjerde ledd at part i ei sak har krav på kopi av uttale underinstans gir til klageorganet. Du mottok difor her kopi av fylkesdirektør for infrastruktur og veg si vurdering.

Eventuelle merknader til underinstansen si vurdering av klagen, kan du sende til mi e-postadresse innan 18. desember 2020. Klagenemnda vil ta avgjerd i klagesaka.


Vennligst bekreft mottak av denne e-post.

Med helsing

Petter Lem Gullestad
spesialrådgjevar

politisk sekretariat





tlf.: 92 61 94 34

www.vestlandfylke.no

Ver merksam på at all dialog på e-post kan bli journalført.